

Rapport Openheitslova 2026 for Luster Sparebank



Innholdsfortegnelse

Verksemnda	2
Utgangspunkt for rapporten	2
Verksemndsspesifikk informasjon	3
Bankens organisering.....	3
Bankens verksemdsområde	3
Interne retningslinjer og rutiner.....	3
Vår tilnærming til Openheitslova	4
Praksis for vurdering av leverandørar	4
Kartlegging og vurderingskriterium	5
Scoringsmodell.....	5
Funn	6
Avdekte faktiske negative konsekvensar	6
Vesentleg risiko for negative konsekvenser avdekt	6
Samarbeidsleverandørar og lokale leverandørar	7
Tiltak og vidare arbeid.....	7
Kontaktinformasjon	8

Verksemnda

Utgangspunkt for rapporten

Lov om verksemder si openheit og arbeid med grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, forkorta openheitslova, vart vedteken av Stortinget i juni 2021. Lova tredde i kraft 1. juli 2022.

Føremålet med lova er å fremje respekt for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samband med produksjon av varer og tenester. Lova skal sikre allmenta tilgang til informasjon om korleis verksemder handterer faktiske og moglege negative konsekvensar knytte til leverandørkjeda, samt deira arbeid med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold.

Luster Sparebank støttar og respekterer FN si menneskerettserklæring og OECD sine retningsliner for fleirnasjonale selskap (OECD 2023). For å etterleve dette skal ansvar og openheit prege heile leverandørkjeda, ikkje berre Luster Sparebank si eiga verksemd. Luster Sparebank aksepterer ikkje forhold hos leverandørar eller forretningspartnarar som inneber brot på FN si menneskerettserklæring.


Denne utgreiinga inneheld aktsomheitsvurderingar av banken sine eigne leverandørar og fellesleverandørar i lokalbanksamarbeidet.

Utgreiinga omfattar perioden 01.01.2025–31.12.2025.

Verksemdsspesifikk informasjon

Bankens organisering

Luster Sparebank er ein lokal og sjølvstendig sparebank som vart skipa i 1975 og består av 30 tilsette. Hovedkontoret ligg i Gaupne, i tillegg har banken eit avdelingskontor på Hafslo.



Sidan august 2024 har banken vore ein del av Lokalbanksamarbeidet. LB Selskapet AS er organisert som eit aksjeselskap, og er eit felles initiativ eigd av dei 16 medlemsbankane i Lokalbanksamarbeidet. Medlemsbankane er per juni 2026 Askim & Spydeberg Sparebank, Cultura Bank, Flekkefjord Sparebank, Lillesands Sparebank, Luster Sparebank, Nidaros Sparebank, Selbu Sparebank, Sparebanken 68° Nord, Spareskillingsbanken, Stadsbygd Sparebank, Søgne og Greipstad Sparebank, Telemark Sparebank, Tolga-Os Sparebank, Voss Sparebank, Ørland Sparebank og Aasen Sparebank.

Bankens verksemdsområde

Luster Sparebank tilbyr bank-, plasserings- og forsikringstenester til person- og bedriftsmarknaden med hovudvekt på Luster kommune og tilgrensande kommunar, samt resten av landet.

Interne retningslinjer og rutiner

Luster Sparebank respekterer grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Det er utarbeidd interne retningslinjer og rutinar som speglar banken sine forplikningar og forventningar til både eiga verksemd og samarbeidspartnarar. Desse retningslinjene og rutineane omfattar mellom anna arbeidsmiljø, helse og tryggleik, likestilling, ikkje-diskriminering, løn, arbeidstid, miljø og korrupsjon.

Luster Sparebank støttar fagorganisering og har etablert AMU (arbeidsmiljøutval). Det er også etablert varslingskanalar og klagemekanismar som skal bidra til å avdekkje eventuelle uønskete forhold i eiga verksemd og i leverandørkjeda. Varslingsrutinen er gjort tilgjengeleg for alle tilsette. Banken oppmodar tilsette, leverandørar, kundar og andre interessentar til å melde frå om forhold knytte til verksemda som gir grunn til uro.


Styret i Luster Sparebank har det overordna ansvaret for etterleving av openheitslova. Styret og banksjef sluttar seg til føremålet med lova og legg til grunn at grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold skal respekterast i eiga verksemd, hos forretningspartnarar og i leverandørkjeda. Banken sin berekraftsansvarlege har eit særskilt ansvar for oppfølging av openheitslova, inkludert utvikling og oppfølging av retningsliner og instruksar, samt gjennomføring av aktsemdsvurderingar og rapportering.

Luster Sparebank vil årleg innan 30. juni publisere ei oppdatert utgreiing om arbeidet med openheitslova. Utgreiinga blir behandla av styret i banken.

Vår tilnærming til Openheitslova

Praksis for vurdering av leverandørar

Luster Sparebank sitt arbeid med å ivareta krav i lova vert gjennomført i tråd med OECD sin metodikk for aktsemdsvurderingar. Stega i prosessen er illustrerte i figuren nedanfor.



*Aktsomhetsvurderingsprosessen og medfølgende støttetiltak.
Kilde: OECDs veileder for aktsomhetsvurderingar for ansvarlig næringsliv.*

Luster Sparebank følgjer opp leverandørar og samarbeidspartnarar gjennom regelmessig dialog og/eller eigne møte der leveransar, eventuelle hendingar og relevante endringar vert gjennomgått. Det er etablert nye rutinar for leverandør oppfølginga som følgje av DORA (forordning om digital operasjonell motstandsdyktigheit i finanssektoren).

Kartlegging og vurderingskriterium

Kartlegginga tek utgangspunkt i ei fullstendig oversikt over leverandørar, der alle leverandørar er vurderte med omsyn til om dei skal kartleggjast nærare eller ikkje. For leverandørar som vart undersøkte føregåande år, og som i tillegg er vurderte til låg risiko, vert det som hovudregel ikkje gjennomført ny kartlegging året etter. Leverandørar som er vurderte til moderat eller høg risiko, vert kartlagde jamleg og minst årleg. Det same gjeld leverandørar med størst avtaleomfang. Som eit minimum skal det ikkje gå meir enn tre år før leverandørar vert vurderte på nytt, uavhengig av seleksjonskriteria.

Prioriteringa av kva leverandørar som vert kartlagde, er basert på følgjande kriterium:

- Geografisk risiko: kva land leverandøren har verksemda si i
- Bransjerisiko: kva bransje verksemda høyrer til
- Volum og omfang av avtalen
- Avhengigheit: kor kritisk leverandøren er for verksemda si drift

Det vert sendt ut spørjeskjema til utvalde leverandørar basert på desse kriteria. I skjemaet får leverandørane høve til å skildre sitt arbeid med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, mellom anna ved å laste opp dokumentasjon og svare på spørsmål. På grunnlag av denne dokumentasjonen vert det utarbeidd ein risikoscore, som vert nytta som eit utgangspunkt for vidare vurdering av leverandøren, inkludert om det er behov for nærare undersøkingar av leverandørforholdet.

Undersøkinga vart sendt til 51 leverandørar og forretningspartnarar. Svarprosenten var 73 prosent, samanlikna med 72 prosent året før. Sjølv om målet er høgt svarprosent, er det viktig å presisere at arbeidet med å identifisere risiko og rette kartlegginga mot leverandørar innanfor desse risikoområda, er av størst betydning.

Scoringsmodell

Scoringsmodellen i spørjeskjemaet gir leverandøren ein totalscore basert på svar og tilgjengeleg dokumentasjon. Leverandøren vert deretter vurdert etter ein trafikkllysmoell. Modellen har følgjande inndeling:

- **Grøn:** Låg risiko

- **Gul:** Moderat risiko
- **Raud:** Høg risiko

Det må presiserast at denne inndelinga berre gir ein indikasjon på leverandøren sin risikoprofil, og at det difor er gjort ei samla vurdering som òg tek omsyn til dei utfyllande svara frå leverandørane. Ein svakheit ved modellen er at mindre leverandørar gjennomgåande kan få ein lågare score. Dette er forsøkt teke omsyn til gjennom justeringar i scoringsmodellen, samt ved bruk av kommentarfelt knytt til alle spørsmål. På bakgrunn av den standardiserte modellen vert det likevel alltid gjort ei manuell vurdering, som ved behov kan overstyre den berekna risikoscoren i slike tilfelle.

Funn

Avdekte faktiske negative konsekvensar

Det er ikkje identifisert brot eller andre negative konsekvensar for grunnleggjande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i kartleggingsprosessen – verken i eiga verksemd eller i leverandørkjeda.

Vesentleg risiko for negative konsekvenser avdekt

Luster Sparebank vurderer at det er låg risiko for negative konsekvensar i eiga verksemd. Vurderinga er basert på at banken er underlagt arbeidsmiljølova, og har tydeleg regulerte arbeidsforhold med pålagde, jamlege samtalar mellom leiarar og tilsette, samt veletablerte varslingskanalar. Sjølv om risikoen vert vurdert som låg, vil banken likevel arbeide vidare for å sikre at interne forhold held eit tilfredsstillande og forsvarleg nivå.

Gjennom kartlegginga er det identifisert eitt leverandørforhold som banken ønskjer tettare oppfølging av framover. Det er ikkje avdekt brot, men kombinasjonen av mangelfull dokumentasjon og at leverandøren opererer i ein risikoutsett bransje, gjer at det vert vurdert som behov for nærare oppfølging.

Ut over dette indikerer kartlegginga at det generelt er låg risiko for at Luster Sparebank har forretningspartnarar og leverandørar med brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. Banken har i hovudsak eit nasjonalt og regionalt nedslagsfelt, der ein stor del av innkjøpa vert gjort gjennom forretningsforbindelsar med tilhald i Noreg. Dette inneber korte leverandørkjeder og låg geografisk risiko. I tillegg er avtalepartnarane underlagde lovgiving som i stor grad vernar arbeidstakarrettar. Likevel vurderer banken det som viktig å gjennomføre naudsynte risikovurderingar og sikre tilstrekkeleg oppfølging av alle leverandørar.

Kartlegginga viser at nokre leverandørar og forretningspartnarar har tilknytning til høgrisikoland. Med utgangspunkt i geografisk risiko inneber dette ein høgare sannsyn for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, til dømes som følgje av svakare regelverk eller autoritære styresett. Nokre leverandørar er knytte til produksjon av kontorrekvisita eller IKT-

produkt, der råvarer, komponentar og produksjon ofte er knytt til slike område. Dette indikerer ein auka risiko for brot på regelverket. Samstundes verkar leverandørane å ha etablerte prosessar og tiltak for å redusere denne risikoen.

Luster Sparebank nyttar òg tenester knytte til drift og vedlikehald av bygg, til dømes reinhaldstenester. Ut frå bransjerisiko vert dette vurdert som område med høgare risiko for negative konsekvensar, særleg knytt til arbeidsvilkår. Den ibuande risikoen i bransjen gjer dette til eit viktig prioritert område i det vidare arbeidet.

Samarbeidsleverandørar og lokale leverandørar

Luster Sparebank samarbeider med LB Selskapet om leverandørar. Lokale leverandørar blir følgde opp av banken, der berekraftsansvarleg har eit særskilt ansvar.

Tiltak og vidare arbeid

Kartlegginga med tilhøyrande risikovurdering vert nytta som eit utgangspunkt for å definere kva leverandørar Luster Sparebank ønskjer tettare oppfølging av framover. Banken legg vekt på god samhandling og dialog med leverandørane for å oppnå tilstrekkeleg innsikt i deira arbeid med menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. I tillegg er følgjande punkt identifiserte som konkrete forbetningsområde:

Oppdatering av policyar og rutinar

Utvikling og oppdatering av policyar og rutinar er jamleg på agendaen. I 2026 skal dei etiske retningslinjene for tilsette i banken gjennomgå ein større revisjon.

Føremålet er å sikre at banken opererer i tråd med gjeldande praksis og regelverk, samt at Luster Sparebank vert oppfatta som ein seriøs og attraktiv arbeidsgjevar og samarbeidspartnar.

Etiske retningslinjer for leverandørar og forretningspartnarar

Luster Sparebank arbeider kontinuerleg med å sikre tydelege og føreseielege rutinar for avtaleinngåingar og oppfølging av leverandørar. Banken er i prosess med å utvikle eigne etiske retningslinjer for leverandørar og forretningspartnarar (Supplier Code of Conduct). Rutinane var ikkje ferdigstilte per 31.12.2025, men skal ferdigstillast i løpet av 2026.

Føremålet er å stille tydelege krav til leverandørane og bidra til større føreseielegheit i leverandørforholda, særleg ved å gjere leverandørane kjende med banken sine forventningar og føresetnader for samarbeid.

Tilnærming og metode for aktsemdsvurderingar

Det er sett i verk tiltak for å gjere aktsemdsvurderingane meir risikobaserte, mellom anna ved bruk av spesifikke seleksjonskriterium. Samstundes vurderer banken at det er behov for ytterlegare forbetningar.

Luster Sparebank vil difor vidareutvikle den risikobaserte tilnærminga til kartlegging av leverandørar, mellom anna ved å etablere tydelegare føringar for korleis enkelte leverandørar – inkludert underleverandørar – skal følgjast opp. Det er også viktig å forankre dette arbeidet i andre prosessar knytte til avtaleinngåing og leverandør oppfølging.

Det er planlagt ein meir omfattande gjennomgang av metode og systemstøtte for arbeidet med openheitslova hausten 2026. Bakgrunnen for dette er ønsket om ein meir systematisk og kontinuerleg oppfølging av leverandørane.

Føremålet med desse tiltaka er å oppnå betre innsikt i leverandørkjeda og i vurdering av banken sine forretningspartnarar, inkludert kva delar av verdikjeda som inneber størst risiko for brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold. Det er òg forventa at dette vil bidra til auka kontinuitet i arbeidet med aktsemdsvurderingar.

Avsluttande merknader

Denne rapporten er behandla og vedtatt i styret 18.juni 2026

Kontaktinformasjon

Eventuelle førespurnader knytte til denne utgreiinga, eller til vårt arbeid med menneskerettar og anstendige arbeidsvilkår, kan rettast til:

Hanne Teigen

Leiar risikostyring og compliance, berekraftsansvarleg

Luster Sparebank

Telefon: 469 70 733

E-post: hanne.teigen@luster-sparebank.no